



Den gode kjensla

Tekst og foto Tor Witsø

som har hatt stein som hobby ei stund veit kva det gjeld. Første gongen ein finn krystallar får ein denne kjensla. Funnet treng ikkje vera meir spennande enn vortene som står opp av ein glimmerskifer.

Dette er to almandinkrystallar i ein keratofyr frå Trolla i Trondheim. Krystallane er små men velforma, og mineralet er den mest vanlege av granatane og noe av det første vi finn. Dette mineralet har nok gjeve mange «den gode kjensla».

Etter kvart opplever ein å finne meir sjeldne mineral. I denne gropa i gneis frå Storlidalen i Oppdal er det små plater med fluorapofyllitt. Til no er dette einaste funnet av dette mineralet i

Oppdal, og når ein er så heldig at ein tilfeldigvis gjer eit slikt funn får ein «den gode kjensla» att. Mineralet er identifisert ved NGU.

Det kan vera vanskeleg for ein mineralsamlar å seie kva for

eit funn han set høgast. Første funnet av krystallar, sjøl om det berre var almandin, ga kanskje ei bedre kjensle enn femte funnet av eit til da ukjent mineral for Norge!

Geologen Petter Ihlen samla



Fluorapofyllitt, Storlidalen

første prøven av wavelitt i Norge. Prøven vart liggande i ei kasse med steinprøver i kjellaren på NGU. Heldigvis kom ein mineralsamlar framom før steinane vart dumpa på ei vegfylling ved sjøen nedom institusjonen. Sveinung Bergstøl identifiserte mineralet som wavelitt. «Et for Norge hittil uidentifisert mineral», som han uttrykte seg. Sjøl om det var ein annan som hadde samla prøven var det ikkje til å unngå at

«den gode kjensla» meldte seg hos mannen som berga han frå å bli fyllmasse.

Petter Ihlen hadde berre skreve namnet på funnstaden. «Stoll 300 m S-Ø for Knepphaughytta» sto det på lappen.




Wavelitt, Knepphaughytta

Korleis vi fann ut at det var Petter som hadde vore på ferde er ei anna historie.

Kjensla ein får når ein finn heilt ukjente mineral er det

ikkje mange av oss som får oppleva. Det gjer kanskje mannen som gjorde hittil første og einaste funn av teineitt i Norge.

Tida vil vise.



Teineitt, Gråurdalen og ukjent mineral. Teineitt til høgre.